Styremøte 15/12-85.

SAK 1/86 : Gjennomgåing av skriv.

Reiserekning Colby Ytredal.

Styret har vurdert reiserekn. og kome til at for 1985 vert alle startkont. (sjå 17/10-84 Sak 2) og reiseutgifter innan Møre og Romsdal dekt.

For Colby Ytredal utgjer dette:
Startkont : kr 835,-
Reiser : kr 1015,-
kr 1850,-

Vidare vil ein for framtida be om løpsdatoar samt dokumentasjon/kvitteringar for reiseutgifter (Startkont. og reiser.) Ellers vil ikkje rekningane bli vurdert.

SAK 2/86 : VALG.

Formann : Nils Morten Grønningsæter
Nestformann : Eldar Inge Rilling
Kasserar : Bjørn Rilling
Sekretær : Gerd Rustad Rilling
Styremedl : Lars Magnar Ytredal.

SAK 3/86 : Trakkemaskin.
Bjørn R. ringer rundt til nokre leverandørar. Nytt møte om 2-3 dagar.

SAK 4/86 : Nils M. Grønningsæter sjekkar feste-kontrakt på Skihyttetomten - Pellingsætra.

SAK 5/86 : Dagskort ski - Stein I. Krohn bestiller nye.

Styremøte 18/12-85.

Sak 6/86 : Kjøp av tråkkemaskin

Etter div. innkomne tilbud vart styret samde om å konsentrere seg om 1 maskin type „Kässbohrer" frå Narvik IL.
Etter avtale med adv. Alf Martin Solvin skal selgar ha kr. 150.000,- + moms for denne + frakt.
Det er stor konkurranse om kjøp av maskina. Kasseraren får fullmakt til å inngå avtale om kjøp frå Narvik IL, samt inngå lånekontrakt med Sparebanken Møre.

Styremöte 19 mars kl. 18⁰⁰

Sak 8/86: Dekkning av kjøring i skidtrekket.

Styret vart enige om å sende ei felles rekning til skulekontoret, for kjøring av skidtrekket 2 dager våren 1986. Det gjeld skulaine Eidsdal og Dalsbygda.
Prisen vart sett til kr. 600,- for begge skulane.

Sak 9/86: Kjøring av trakkemaskin.

Styret pekte ut Ivar Nydal og Inge N. Relling til å kjøre trakkemaskinen ut skisesongen -86.

Sak 10/86: Salg av lodd (Skilotteri 1986.)

Loddbøkene vart fordelt på reprs. i Styret.

Sak 11/86: Sponsoravtale med Sparebanken Møre.
Norddal Idrettslag har inngått sponsoravtale med Sparebanken Møre. Idrettslaget vil vise reklame på f.eks. trakkemaskin, skilt i bakken, klippekort osv.

Sak 12/86 : Riving av kommunehuset (Dalsbygda)

Emnet vart diskutert og ein vart enige om å kome med eit tilbud til kommunen.
Tilbudet lyder på:
Riving av kommunehuset ned til grunnplate for kr. 15.000,-.
Bjørn/Gerd skriv brevet.

Sak 13/86 : Søking om tippemidlar.

Inngå festekontrakt med Inge Tilleås på tomt til bygging av varmebu.

Inngå avtale med I. Tilleås angående vei til varmebu. og Kolbjørn Tilleås

---

Nils Morten Gr.sæter ser etter dette.

Bjørn Relling vil ta kontakt med idrettskonsulenten i Molde for å undersøke om det er fastsett spesielle krav til bygging av varmebu.
Målet er å sende inn søknad om tippemidlar til hausten.

Sak 14/86 : Skihytta på Rellingsætra.

Styret pålegg hyttestyret om å mure opp ny peis og sette opp oppbevaringskasse for propan i løpet av sommeren.
Styret vil bestille 2 stk. brann-slukkningsapparat frå Gjensidige til å ha på skihytta. (Bjørn gjer dette.)

Sak 15/86 : Langrennstrasé på Tilleåsen.

Ta kontakt med Syver Hovdenakk - for å se på terrenget. (Lars Magnar gjer dette.)
Bjørn R. vil undersøke med idretts-konsulenten i Molde - om ein kan få tildelt tippemidlar til rydding av langrennstrasé.

Sak 16/86 : Skimerkekort - innlevering.

~~St~~ Sette opp beskjed på „Buda" om at alle skimerkekort skal innleverast til Gerd.
Samtidig undersøke om det finnst reglar om innsamling / utdeling av skimerkekort.

Desse møtte: Bjørn Relling, Lars ~~Magnar~~ Magnar Ytredal,
Nils M. Gr.sæter, Gerd A. Relling.

Styremøte 14 september 1986 kl. 13⁰⁰

Desse møtte Nils M. Grønningsæter, Bjørn Relling, Gerd A. Relling, Inge Lilleås.
J. Lilleås møtte som varamedl.

Sak 17/86. Brev frå Audun Hasjo om fritaking av valgte verv i Idrettslaget.

Styret har ikkje noko å innvende, og går inn for at Inge N. Relling vert ny formann i skigruppa.
Nytt medlem vert John Kåre Storås.
Skigruppa fungerer frå 1.5.86 til ~~1~~30.4.87.

Sak 18/86. Festekontrakt mellom Inge Lilleås og N.I.L.
Formannen gjekk gjennom kontrakten.
Endringar:
pkt.6: endring av breidde på vegen. ~~frå~~ til 3,5 m.

pkt.9: Dersom eigar av gardsnr. 55/1 vil satse på ~~p~~ eit el. annan form for kiosk el. kafe o.l. har festaren ekkje nokon rett til å nytte bygninga/tomta til noko form for salg.
Har ikkje Festaren ~~har~~ ~~ikkje~~ løve til å nytte bygning/tomta til noko form for sal.
Dersom eigaren av 55/1 realiserer planar etter første ~~bug~~ ledd kan likevel

unntak gjerast etter løyve frå eigaren av gardsnr. 55/1.

pkt 11: Festeretten med ~~tu~~ bygning kan ikkje overdragast til andre utan samtykkje frå eigaren.
Framleige av festeretten eller bygningen er ikkje tillatt.

pkt 12: Dersom det ikkje er oppført bygning på tomta innan utgangen av 1988, kan eigaren krevje at denne kontrakta vert opphæva.

pkt 13: Vert Norddal Idrettslag nedlagt,
Nytt punkt: samanslege med andre lag, eller på annan måte opphøyre å eksistere har eigaren av 55/1 forkjøpsrett på bygninga-ane.
Punkt 13 vert punkt 14.
Følgjande punkt vert forskjøve tilsvarande.

Ingen merknad til dei andre punkta.

I denne saka gjekk Inge Lilleås frå som styremedlem.

Sak 19/86: ~~###~~ Varmestove på Lilleåsen.

Bjørn Relling ha med eit forslag til varmebu på Lilleåsen.
Tegninga vert diskutert.
Eit problem kan verte å få lagt inn vatn i varmestova.
Laget er innstillt på å få gjort grunnarbeidet på tomta i haust.

Bjørn Relling  Nils Grauningsater  Inge Lilleås
Gerd Austad Relling.

Styremøte 3/12-86

Sak 20/86. Val av NIL-fest-komité.

Desse vart vald: Knut Dalhus
Rose Hjelle
Tore Hugo Døving
Eldar Inge Relling
Ingrid Horås
Coby Ytredal
Liv Randi Dahlen
Randi Lilleås

Bjørn Relling

# ÅRSMØTE 23. JANUAR 1987

Grendahuset kl. 20⁰⁰

Sak 1. Årsmeldinga vart opplest, med rekneskap uten nokre kommentarer.

Sak 2. Valg

Det møtte 21 stemmeberettiga
Valgnemnda kom med sitt forslag

Valg av formann
Formann Bjørn Relling

Valg av to nye styremedlemmer
Til valg var:

| | | |
|---|---|---|
| Stein Ivar Krohn | 19 | stemmer |
| Coby Ytredal | 10 | -"- |
| Jon Kåre Storås | 11 | -"- |

Stein Ivar og Jon Kåre vart valgt.

Det nye styret er då slik:

Formann: Bjørn Relling
Stein Ivar Krohn
John Kåre Storås
Lars Magnar Ytredal
Eldar Inge Relling

Varamenn er: Coby Ytredal
Olav Melchior

Valg av 4 nye medlemmer av Trim/Friidrett
Arvid Foeit
Bjørn H. Nygård
Liv R. Dalen
Coby Ytredal
Disse vart enstemmig valgd.

Valg av Hyttestyre:
Oddvar Hjelle
Knut Dalhus
Ei frå snippeklubben
Disse vart enstemmig valgd.

Valg av Matrialforvalter
Jon Kåre Storås
Vart enstemmig valgd.

Valg av Fotballgruppe
Petter Melchior
Inge Relling
Karl J. Lilleås
Knut E. Relling
Inge Lilleås
Disse vart enstemmig valgd.

Skigruppe 1/5-87 - 31/4-88
Hallvard Engesæter
Anne Nystad
Anne M. Caldhussæter
Kjetil Krohn
Geir J. Relling
Vara: Olav Melchior

Valg av Økonominemnd
Kirst Kalhussæter
Knut E. Relling
Kasseraren i styret
Disse vart enstemmig valgd.

Valg av Revisorar
Gudmund Relling
Steinar Storås
Disse vart enstemmig valgd.

Valg av Valgnemnd
Petra Storås
Anne Krokn.
Disse vart enstemmig valgd.

Valg av Kontakt ^utval^ medlemmer
Stein Ivar Krokn
Brita Melchior Relling
Disse vart enstemmig valgd

Sak 3. Medlemspengar:
Det vart snakk om å sette opp medlemskontigenten, men etter en del diskusjon vart det vedtatt om å ikkje sette opp kontigenten.

Sak 4. Ymse:
Det kom forslag om å opprette ei gruppe som skulle ha ansvar for skianlegget og hyttebygginga. Etter en del diskusjon vart det vedtatt at ~~det skulle styrkast~~ samarbeidet skulle styrkast mellom styret og dei forskjellige gruppene.
Det vart vedtatt at dei navn som står først i dei forskjellige gruppene skal

~~vere formann~~, og har ansvaret å kalle inn til første møte. Dei har en frist til den . Februar å kalle inn til første møte

Det kom forslag fra en av medlemmene om at det skulle haldast fleire medlems-møter slik at medlemmane får vite meir kva som foregår i laget.

Håkard Engeseth.
Gunn Meland Relling

Styremøte 28. januar 1987.

Sak 1/87

<u>Konstituering av styret.</u>

Val av nestform : Lars Magnar Ytredal.
Val av kasserar : Stein Ivar Krohn.
Val av skrivar : John Kåre Storås.
Styremedlem : Eldar Inge Relling.

L. M. Ytredal. [signatures]

# STYREMØTE 5/2 - 87.

Sak 2/87 Gjennomgåing av skriv:
- Brev frå skulen ang. samarbeid
Svarbrev ved Bjørn.
- IDRETTS-MINNER. Plakat henges opp på Storås Handel
-

Sak 3/87 Reiserekning Coby Ytredal
Saka utsett til styret får samla seg fulltallig. Rekninga er noko ufullstendig og vi vil undersøkje kva kilometergodtgjerdsle ho har rekna seg samt om ho har underbilag - datoar etc.

Sak 4/87 Sponsoravtale Sp. Møre
Stein Ivar oppsummerer ~~navn~~ kven som har fått utdelt reklamemerke og sett opp ei liste der navn - idrett etc er med.
(Heilårsavtale = heilårsaktivitet.)
Styret ser ellers på sponsoravtalen m.h.t. fotballaget slik at dei/det bør utskiljast og opprette eigen avtale med banken - om banken er interessert.

Sak 5/87 Loddsalg NSF-1987
Desse har fått blokker á 20 lodd
Bjørn Relling, Lars Magnar Ytredal, Petter Melchior, Stein Ivar Kolm, John Kåre Storås
Selges helst innen utgangen av februar.

Sak 6/87 Sal av medlemskort.
Gullsmedgarden - Dale Stein Ivar Kolm
Rellingen fram til Toregarden Bjørn Relling
Ekra - ~~Innset~~ Fosshcim Lars Magnar Ytredal
Heimste-Dunavollen - ~~Prestegarden~~ Innset Eldar Inge Relling
Gjøra - Storåsen John Kåre Storås

Sak 7/87
Kjøp av luftgevar. Stein Ivar undersøkjer dii. tilbud ~~fr~~ på luftgevar.

Stein Ivar Kolm [signatures]
L M Ytredal

STYREMØTE 09.03.87 KL. ~~09.30~~ 21.30

SAK 8/87 :
Gjennomgang av brev:
Ingen kommentar

SAK 9/87 : Kjøp av luftgevær
3 gevær á kr. 600,- vert å bestille
med Vajen & Sport, Spjelkavik.

SAK 10/87 : Søknad om kulturmidlar
Søknaden vart utfyllt (kladda)
Finjusteres i slutten av månaden.

SAK 11/87 : Søknad om tippemidlar. / SKIBU - GARASJE
Arbeidsoppgåver fordelt:

L.M. Ytredal / I. Nydal : Tomtekostnad
Grunnarbeid
Snekkerarbeid
Materialkostnad
Vatn-(tilførsel)

S.I. Krohn : Rørleggar

B. Relling : El. install, avløpsanlegg.
Byggeleyve

J.K. Storås : Utstyr / Innredning.

Kostnadsoverslag skal utarbeidast og innleverast til Bjørn Relling før 27. mars.

SAK 12/87

Papirinnsamling Bjørn - Rundskriv
Eldar I. - organiserer

SAK 13/87 Sponsoravtale Sparebanken Møre
Stein Ivar Krohn &
John Kåre Storås møter. [redacted] i Valldal
i morgon tirsdag 9/3-87.

SAK 14/87 Kommentar til skriv / møtereferat frå
Trim & Fridrett 24.02.87.
Innkjøp: Kontakte B.H. Nygård ang hoppestativ
~~som det er~~ Tilfredstillande stativ
m/ny list står på skulen.
John Kåre kontaktar Bjørn Helge.

~~SAK 15/87~~

Møtet slutt: 00.37

Lill Hurdal

Stein Ivar Krohn

J. K. Storås

Eldar Inge Pelleng

Kåre Pelleng

# Styremøte 14.05.87.

Stad: Eldregarden 20.28.33

Sak 15/87. Gjennomgang av skriv.
Ingen kommentarar.

Sak 16/87. Røde Kors søker om å få
låne luftgeværa våre. Dette vart
det gjeve tillatelse til.

Sak 17/87. Ski-ting. 23 mai. 1987. på
Kransen i MOLDE.
Styret anmodar Halvard Longvasten og
Olav Melchior til å representere laget
der.

Sak 18/87. Søknad om kutsrenn
Styret gjekk inn for å ikkje søke
renn i år.

Sak 19/87. Tinglysing av avtale med
Inge og Randi Lilleås / Halder og
Kolbjørn Lilleås. angående veg til skibanen.
Viser til brev av 23 april. 1987.
frå Nordre Sunnmøre Sorenskriverembete.

Styret godkjenner at Nils M. Grønningsæter har fullmakt til å skrive under avtalen datert 15.12.86. på vegne av N.I.L.

Sak 20/87. (Forsikring) Ulykkesforsikring i Norges Friidrettsforbund Vesta/Hygea.
Styret vedtok å forsikre 15 personar i Trim/friidrett.

Sak 21/87. Tippemidlar 1987.
Søknad SKIBU:

| | | |
|---|---|---|
| Samla søknadssumma | STUI. | 200 000,- |
| | KOMM. | 200000,- |
| | EGEN | 27000,- |
| | DUGNAD | 170000,- |
| Sum anleggskostnad | | 597000,- |

| | | |
|---|---|---|
| GARASJE: | STUI. | 37000,- |
| | KOMM. | 37000,- |
| | DUGNAD | 42000,- |
| Sum kostnad. | | 116000,- |

Møtet avslutta 23.00

[signatures]